

VENELAGET OLAV H. HAUGE

Medlemshefte for Venelaget Olav H. Hauge, stifta 1999

SEPTEMBER 2019

Innhald

Leiaren har ordet	2
Olav H. Hauge i skulestova, kva tilbod har Olav H. Hauge-senteret?	5
ABC boka og litt om Bodil Cappelen	10
To Haustdikt	17
Eit minne frå Voss Gymnas i 1974	
Olav H. Hauge i norskstimen	18
Osamannen	20
Osamannen genser	21
Pris på brev og bøker av Olav H. Hauge	22
Kort om skribentane i dette heftet	25



LEIAREN HAR ORDET

Styret har hatt ein plan om å samla artiklar om Olav H. Hauge i skulestova i denne utgåva av Vene-lags-heftet . Me i styret har merka oss at Hauge-senteret har fleire aktivitetar som rettar seg mot skule og elevar. Det er stoff om dette i denne utgåva av heftet.

Når det gjeld ei breiare omtale av korleis Hauge sine dikt vert nytta i undervisning, har ikkje styret makta å få til ei systematisk innsamling av stoff.

Eit vellukka døme på formidling av Hauge-dikt som eg gjerne nemner, er frå boka *Kolon. Grunnbok i norsk språk og litteratur*. Det Norske Samlaget 1999. Det er kombinasjonen av diktet «Katten» og det velkjende fotografiet av kong Olav

og ein katt føre Gol stavkyrkje på Norsk Folkemuseum som eg tykkjer er særers vellukka.

KATTEN

Katten

sit i tunet

når du kjem.

Snakk litt med katten.

Det er han som er varast i garden.

«Katten» er frå *Dropar i austavind*. Noregs boklag 1966.

Bildet er teke i 1980 av fotograf Dag Grundseth (Aftenposten). Bakgrunnen er Gol stavkyrkje på Norsk Folkemuseum, Bygdøy.

Frå mi eiga skuletid kan eg ikkje hugsa at vi var innom Hauge-dikt. Det same svaret har eg fått



frå mange av dei litt meir modne Hauge-vener eg har rådspurt. Mitt inntrykk er at Hauge kom ganske seint inn i skulen og lærebøkene.

Frå 1990-åra og spesielt etter år 2000 er det fleire døme på at Olav H. Hauge er ein viktig norsk lyrikar. Fleire av dei kjende dikta er med, som til dømes «Det er den draumen». Eit anna inntrykk er at dei korte dikta vert omtala. Desse kan bli framheva som typiske for Hauge. Det samsvarar med dei dikta som Hauge les frå Vise- og lyrikkfestivalen i Haugesund i 1972. I utdraget eg finn på YouTube er desse dikta med: «Lodd» (1971), «Sleggja» (1966), «Sagi» (1966), «Katten» (1966) og «I dag såg eg tvo månar» (1966).

Det er ikkje tvil om at norsk skule har bidratt til at Olav H. Hauge har blitt ein folkekjær diktar.

Men det er nok eit usvart spørsmål korleis ein skal læra elevar å kjenna på verdien av å lesa lyrikk.

Eitt av dei mest kjende dikta er vel «Gjer ein annan mann ei beine» om Osa-mannen. Eg har sjølv hatt gleda av å sitera eller visa til dette diktet i ulike høve. Sist var no i april på eit seminar mellom statistikarar og andre fagfolk. Ein professor frå USA hevda eit syn om at ein ikkje burde leggja så stor vekt på å forma politikk for dei komande generasjonar, av di ein berre kan utforma politikk for dei grupper av befolkninga ein kjenner. Dei komande generasjo-

nar kjenner ein jo ikkje. Eg var av fleire grunnar usamd, ja, ganske provosert! Eg tenkte mellom anna på at me skal forvalta den norske oljeformuen slik at den kan koma dei neste generasjonane til gode. For å gi kraft til min argumentasjon tenkte eg på Hauge sine ord i diktet om Osa-mannen. Med hjelp via e-post frå Bodil Cappelen fekk eg tak i ei engelsk omsetjing som eg etter beste evne las opp.

DO THE NEXT MAN A FAVOR

He came down from
the mountains, heading home,
got himself ferried from Osa
out to Øydvinsto.

He was open-handed
and offered to pay.

But the man from Osa
would have none of it.

I want to pay
- I can't reach you
to return the favor.

Then do the next man
a favor,
said the man from Osa
and shoved off.

*«Gjer ein annan mann ei beine»
Omsett av Olav Grinde.
«Luminous Spaces», White Pine
Press, Buffalo, New York 2016.*

Om eg ikkje har prov på at eg vann fagdebatten, veit eg at fleire deltakarar fatta interesse for både diktet og Olav H. Hauge. Heimkomen

nokre veker seinare hadde eg ein prat med ein tidlegare studieven, NRK-mannen Odd Karsten Tveit, og fortalde om diktlesinga mi. Han kjende diktet godt, og nemnde at grunntanken «gjer ein annan mann ei beine då» er velkjend også i arabisk kultur, og meinte at det finst i fleire segner og soger frå mellom anna *1000 og ei natt*. Så tenkte eg at eg skulle leita i boksamlinga etter Olav for å finna arabiske eventyr. Det var to slike bøker, men eg fann ikkje døme på «gjer ein annan mann ei beine» der. Styremedlem Marit Hafting, som har vore i Kam-

bodsja, hadde funne døme på at synet i «Gjer ein annan mann ei beine» er lett å finna i buddhistisk kultur. Når eg då nemnde mi leiting etter det universelle i dette diktet for Hauge-kjennaren Arne Skjerven, var han klar for å skriva ned saga om korleis diktet vart til. Så det er eit døme på at universelle menneskesyn og normer for god åtferd også er velutvikla og kjende i Ulvik og Osa, og godt formidla av Olav H. Hauge.

Olav Ljones

KONTAKTINFORMASJON TIL MEDLEMMANE

Kontakt vil vera lettare om vi kan få e-post adressa til medlemmane. Dei som ikkje har sendt inn kan senda til leiaren [Olav Ljones ola-lj@online.no](mailto:Olav.Ljones@online.no)

MEDLEMSKONTINGENTEN 2019

Det er framleis nokre som ikkje har betalt kontingenten for 2019 og me nyttar høve til å minna om kontingenten på kr. 250,- som kan betalast til:

Konto 3450 30 01960, Venelaget Olav H. Hauge
v/ kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

OLAV H. HAUGE I SKULESTOVA - KVA TILBOD HAR OLAV H. HAUGE-SENTERET?

av Guro Ljøne og Marit Hafting



Hauge-senteret i Ulvik har som mål å gje barn og vaksne gode opplevingar av lyrikk og litteratur, kunst og musikk. «Tanke og draum er himmelske køyrety», sa Olav H. Hauge. Gjennom å spreie kunnskap om han og diktarverket hans, ønskjer Hauge-senteret å syne korleis tanke, draum og fantasi er viktige drivkrefter for oss menneske, og korleis vi kan bruke ord og litteratur for å uttrykkje oss. I tråd med *Rammeplan for barnehagen* og kompetansemål i skulen tilbyr Hauge-senteret eit stimulerande læringsmiljø som oppmodar til samtale om litteratur og språk, som

utfordrar til leik og utforsking av bokstavar og visuelle uttrykksformer, og som ved dette oppmuntrar til fantasi og leseglede.

Senteret har fleire opplegg for barn i barnehage og i grunnskule. Nokre opplegg kan gjennomførast av einskildpersonar og i skuleklassar lokalt, medan andre føreset at deltakarane kjem til Hauge-senteret. Desse opplegga vert fyrst og fremst aktuelle for elevar frå Ulvik og kommunane rundt. Dei fem tilboda, og eitt som vert klart frå nyåret 2020, vert presenterte på dei neste sidane:

TANKE OG DRAUM, EIT MUSEUMSBESØK FOR ALLE SANSAR

Vil du gå på kattejakt, prøve dikttelefonen? Høyre om korleis Olav H. Hauge var som liten gut? Leike med ord og bokstavar?

Utstillingane på Hauge-senteret opnar for fleire sansar med installasjonar om Olav H. Hauge og dikt som ein kan sjå, høyre og ta på. I basisutstillinga kan du slå nummeret til Hauge på ein gamal telefon, og Hauge svarar sjølv med eit dikt. Inne i poesiverkstaden ligg det til rette for aktivitetar som magnetpoesi, teikning og skriving.

Katten til Olav H. Hauge har gøymt seg fleire stader i utstillinga. Gjennom å fylgje kattespora finn ungane katten på uventa stader, og blir samtidig kjende med både Hauge og katten. Når alle kattane er funne, er det lesestund i kattedekken.

Dette er eit opplegg for både barnehagar og 1.–4. klasse, og Hauge-senteret tilpassar opplegget ut frå alder og storleik på barnegruppa.



EIN TANKE SLO MEG



Bli kjend med den unge diktaren Olav H. Hauge som berre ville lese og skrive. Slå deg laus og kjenn på di eiga skaparkraft i poesiverkstaden.

«Ein tanke slo med her om dagen» er det fyrste Olav H. Hauge skreiv i dagboka si som 16-åring, og det vart starten på eit langt forfattarliv. I dette undervisningsopplegget får elevane bli betre kjende med den unge Olav som søkte mot bøkene si verd, han som skilde seg frå dei andre fordi han berre *måtte* lese og skrive. Elevane får også kjenne på si eiga skaparkraft i poesiverkstaden. Spanande oppgåver og stor takhøgd gjer at kreativiteten sit laust, og ofte blir både medelevar og lærarar imponerte over dikta som blir skrivne.

I møtet med lesaren og skrivaren Olav H. Hauge vert elevane utfordra

til å tenkje på seg sjølve som lesarar og skriparar. Hauges verd skil seg klårt frå dagens digitale verd, der kommunikasjonen går raskare enn ein kan skjøna. Kanskje var det lettare i Hauges verd å skapa seg eit refleksjonsrom gjennom lesing. Målet er at elevane skal bli betre kjende med lyrikk som uttrykksform, og oppdage at dei dagleg omgjev seg med mange ulike former for lyrikk.

Dette opplegget er for ungdomsskolen, og i samarbeid med Sparebanken Vest får 8. klassane i Hardanger og på Voss eit transporttilskot for å vere med. For elevar frå andre deler av landet kan ein vone at det kan koma andre tilskot.

SONG OG DIKT PÅ FUGLEVENG



Kvifor er det så mange fuglar i dikt og songar? Kva er det som gjer at vi menneske er så glade i desse kvitrande og flygande skapningane? Og korleis står det til med fuglane våre i dag?

I dikt og songar finst det utruleg mange vers om fuglar. Faktisk skreiv

Olav H. Hauge som liten gut sitt første dikt på grunn av ein fugl. Med fuglekvitter og song er vi i dette formidlingsopplegget opptekne av kvifor vi menneske til alle tider har vore så fascinerte av fuglane. I ulike dikt og songar dukkar fuglane opp, men ikkje alle fuglane har det så bra. Vi må snakke om korleis vi menneske tek vare på fuglane og deira leveområde.

Vi utforskar ulike tekstar med fuglar, og barna deltek aktivt. Barna lærer om ulike fuglar og deira eigenskapar ved hjelp av lyd og bilete, og vi reflekterer rundt tema som natur og miljø. Opplegget vert avslutta med aktivitetar som pusling og teikning i poesiverkstad. Formidlingsopplegget er knytt opp til temastillinga «Fuglar i lyrikken», ei utstilling som nettopp gir nokre smakebitar av den rikholdige diktinga som – av ulike grunnar – kler seg i fjørdrakt, syng og flyr.

Opplegget er for både barnehagar og 1.–2. klasse.

OLAV H. HAUGE OG EG



Olav H. og eg er ein poesiverkstad for ungdom, der elevane får gå i dialog med Hauge si diktning. Verkstaden er utforma i samarbeid med forfattarane Joakim Kjørsvik og Endre Ruset.

Før Poesifestivalen 2018 fekk seks utvalde skular besøk av forfattarane Endre Ruset og Joakim Kjørsvik, som hadde skrivekurs med elevane. Dei tok då

utgangspunkt i heftet *Olav H. og eg*. Heftet inneheld dikt av Olav H. Hauge, og oppgåver knytte til desse. Resultatet vart over hundre dikt, og ei stor utstilling under festivalen. Heftet kan brukast som ein ressurs i skulen, også utan forfattarbesøk, og det inneheld også tips og råd til læraren om kreativ skriving i skulen. På Hauge-senteret brukar dei ofte desse oppgåvene når dei har poesiverkstad. Ved å vende seg til Hauge-senteret (www.haugesenteret.no) kan interesserte få tilsendt heftet (18 sider i knapt A5-format).

Oppgåvene passar for 7.–10. klasse.

LES FOR LIVET!

Hausten 2018 hadde Olav H. Hauge-senteret premiere på framsyninga Les for livet!, som er produsert for Den kulturelle skulesekken. I framsyninga fylgjer vi to framtidsmenneske på ei intens reise gjennom verdsrommet, der berre litteraturen kan få dei to tilbake til jorda og heimen. No arbeider Hauge-senteret med eit formidlingsopplegg for 5.–7. klasse der det er elevane sjølve som skal få vere med på romferda. Dei må løyse eit livsviktig oppdrag, og svaret er å finne i bøkene.

I dette opplegget tenkjer vi å kombinere «fluktrom» og rollespel. Heradsstyresalen på Hauge-senteret vert rigga som romsonden Littera. Bakgrunnsforteljinga er den same som i framsyninga: To framtidsmenneske er fanga i romsonden. For mange tusen år sidan måtte menneske flykte frå jorda på grunn av klimaendringar. No er det mogleg å bu på jorda igjen, slik at menneska kan vende tilbake, men først må dei løyse ei livsviktig oppgåve. Då dei mista heimen sin på jorda, mista dei óg kontak-

ten med kjenslene sine. Før dei får lov til å vende tilbake, må dei lære seg kjenslene sine på nytt, og til dette får dei hjelp av seks utvalde barne- og ungdomsbøker på nynorsk. Desse vil vere gøynde rundt på Hauge-senteret, og barna må løyse kodar og rebusar for å kome fram til det endelege løysingsordet. Finn du orda, finn du kjenslene, finn du Jorda!

Opplegget er under utvikling og skal ferdigstillast hausten 2019.



DIGITAL POESIVERKSTAD

Bli med inn i poesiverkstad! Her er det samla spanande, rare og morosame skrivetips frå ulike forfattarar som kan hjelpe deg å kome i gang med skrivninga.

Desse forfattarane deler skrivetipsa sine:

Gro Dahle

Erlend O. Nødtvedt


Mona Vetrhus

Helge Torvund

Ved å gå inn på heimesida til Hauge-senteret og leite seg fram til poesiverkstad, finn ein fem til sju konkrete råd og oppgåver frå kvar forfattar om skrivning. Oppgåvene kan brukast i skulesamanheng og for dei som likar å skrive på fritida. Oppgåvene passar for elevar frå 5. klasse til og med vidaregåande skule.



ABC-BOKA AV BODIL CAPPELEN OG OLAV H. HAUGE OG NOKO OM BODIL av Olav Ljones



Framsida av ABC-boka

Ei av dei vakraste bøkene etter Olav H. Hauge er *ABC-boka* som han laga saman med Bodil Cappelen i 1986. Den er eit verdig minnesmerke over Bodil og Olav saman som kunstnarpar.

Etter første utgåva i 1986 har den kome i fleire utgåver, den siste i 2008. Frå 2005 har den samla seld litt over 3000 eksemplar – i seinare tid omlag 100 eksemplar i året.

ABC-boka kan ha likskap med andre ABC-bøker som har stut-

te dikt og teikningar som heng godt saman. Eit anna døme på ei ABC-bok frå ein lyrikar er *ABC-boka* til André Bjerke.

Eg tok kontakt med Bodil for å høyra meir om boka, og Bodil fortel her om korleis dette starta:

«Då eg hadde hatt separatutstilling av biletteppe i Kunstneres hus i Oslo, Bergen og Tørshavn i 1981, fekk eg hug til å gå bort frå vevinga og over til å gjera det som eg alle dagar hadde likt å sysla med. (Heilt sidan eg i skulen alltid sette meg på pulsten bak han som hadde den breiaste ryggen.)

Eg byrja med å illustrera eit utval av *Norske barnerim og regler* på Aschehoug forlag.

Sidan barneborna mine har samisk far, tenkte eg at det kunne vera morosamt om eg laga noko på samisk. Då tok eg kontakt med det samiske forlaget Davvi Girji i Karasjok.

Eg skreiv teksten til to biletbøker på norsk, og dei vart omsette til samisk: *Modige Marja* og *Pingvinen Po*.

Det undra meg at ein ikkje såg noko om dei i blada her sør, kørkje i annonsar eller bokmeldingar. Langt seinare fekk eg vita at Davvi Girji ikkje sel bøkene sine sør for polarsirkelen. Om eg ville sjå ei omsetting av mine bøker,

A

Kvar får gapa
som Gud har skapa,
sa apa.

B

Best? Kven er Best?
Det er eg det, sa Mest.
Ja, trur du det,
sa Verst.

C

C – framand kar
med citron og med cigar.
Men i kvardags dress
greier han seg med ein S.

D

Høgt over by
han siglde i sky.
Snora rauk,
og draken strauk
heimatt til Kina!

E

Stor E
opnar grind
Kom inn, kom inn!
Liten e
bed om fred.

måtte eg til dømes gå til Grønland.

Eg har og illustrert norske folkeeventyr i samisk omsetting, «Manndottera og kjerringdottera» og «Rødhette og ulven» .

Etter kvart fekk eg hug til at Olav og eg skulle laga noko saman. Eit utval av H.C .Andersen sine tekstar på nynorsk? Hadde ikkje det vore noko? Eg spurde Olav.

Jau, det tykte han kunne vera artig. Han lika godt H.C. Andersen.

Me laga to framlegg, «Prinsessa på erta» og «Keisarens nye klede», og sende dei til Samlaget. Men det vart nei. Det høvde ikkje med formålsparagrafen.

Men so fekk eg ideen om ein ABC.

Etter ein del masing frå meg, gjekk Olav til sist inn i «lønnkammeret» og kom ut att med rimet til bokstaven A.

«Kvar får gapa
som Gud har skapa, sa apa.»

Det var noko som mor hans hadde sagt, sa han.

Og så var me i gang.

Men det var nokre skjer i sjøen. På den tida vart Hauge invitert til forfattarturnè til Amerika først, og så, i same sveipen, til Kanada. Me trong ikkje reisa heim att først.

Eg måtte gjera eit val. Om me rei-

ste, var det ikkje sikkert at me ville vera opplagde til gå vidare med ABC-en, tenkte eg.

So då sa eg at eg hadde ikkje hug til å bli med han til USA og Kanada, han fekk dra åleine. Og då var jo saka klår.

Det vart ABC!»

Bodil

I hennar nye bustad i Tønsberg hadde eg ein kort prat om *ABC-boka*. Ho og har merkt seg at i *Dikt i samling* er tekstane frå *ABC-boka* komne med – kanskje som eit signal frå forlaget om at desse og skal reknast med i diktarverket.

ABC-tekstane i *Dikt i samling* står der utan bilde. Samanliknar ein dette med sjølve *ABC-boka*, ser ein raskt kor viktige teikningane til Bodil er for heilskapen. Det er ikkje tvil om at Bodil er ein framifrå bokkunstnar.

Då eg spurde om det var ein av bokstavane ho var særleg nøgd

med, peika ho etter ein kort tenkepause på bokstaven **e**.

Salstala syner nok at *ABC-boka* ikkje vert så mykje brukt i skulen. Eg spurde meg litt føre og fekk opplyst at i Ulvik har skulen nokre eksemplar på skulebiblioteket, og at boka framleis vert nytta som supplerande lesebok i byrjaropp-læringa. Ulvik skule melder vidare at forutan skulebesøk på Olav H. Hauge-senteret, har dei nytta fleire av dikta, både i faga norsk og engelsk. I læreverket for norsk, *Kontekst*, er det fleire dikt av Hauge. Det er «Du var vinden», «Din veg», «Sagi», «Eit ord» og «I dag såg eg», saman med ei kort innleiing om Hauge. I tillegg lærer elevane om dikteren Olav H. Hauge og historia om livet hans. Hauge-senteret sine nettstader vert nytta, samt videoklipp frå NRK sitt filmarkiv. Døme på dikt frå diktsamlingane som vert nytta er «Du var vinden», «Sleggja», «Til eit Astrup-bilete» og «Det er den draumen».



OM BODIL CAPPELEN

Dette kan vera eit passande høve til å presentera Bodil Cappelen litt meir for Venelaget. Etter eit langt liv som kunstnar busett fleire stader, bur ho no i Tønsberg. Dette er ein vakker by, og Bodil bur i den sjarmerande bygarden som heiter *Svend Foyns arbeiderboliger* med koselege husvære samla rundt ein indre park.

Nokre hundre meter frå bustaden vitja vi eit kunstgalleri, Vestfold Kunstsenter, som hadde bildevevnaden «Jonas i hvalen» på veggen.

Bodil Cappelen er fødd 29/4-1930. Faren var Johan Cappelen, jurist og dommar, og mellom anna kjend av di han voterte for fellande dom i saka mot Knut Røed etter krigen når det galdt deportasjonen av jødane. Mor hennar var Edith Marie Brøgger Heiberg frå Kauganger i Sogndal. Bodil er utdanna frå Statens Håndverks- og Kunstindustriskole i Oslo i tekstil og grafikk, der ho var elev frå 1948. Der trefte ho medeleven Finn Strømsted, som ho gifte seg med. Saman med ektemannen var ho i fleire år busett i Kalvøysund i Arendal kommune, heilt ved kysten ut mot storhavet. Dei fekk to barn, Rune og Aili. Heilt frå debuten i 1969 og fram til midten av 1980-talet arbeidde ho særleg med bildevev. Ektemannen Finn Strømsted var både lyrikar og bildekunstnar, men er nok mest kjend som lyrikar.



Foto: Olav Ljones.

Etter at ho flytta inn på Rossvoll, bygde ho og Olav H. Hauge på huset. Der vart det eit atelier med plass til veven til Bodil. Som vevar er Bodil kjend for å ha laga fargane ho nytta sjølv, med råstoff henta frå naturen.

31.1.-13.2. i 1981 var det utstilling av teppa til Bodil i Bergen Kunstforening, same år i Kunstnernes Hus i Oslo 25.2.-22.3., og same år i Listafelag Førøya Tørshavn i april. Til desse utstillingane vart det laga eit hefte med tekst og fotografi skri-




Foto: Olav Ljones.

ve av Hjørdis Danbolt. Ho omtalar Bodil som ein kunstnar som skapa mange figurative bilde med klåre tankar om kva ho vil med kunsten sin. Ho ønskjer ikkje å vera med på utviklinga kor kunsten er redusert til tidtrøyte. Bodil hevdar at ho aldri har tenkt at ein bildekunstnar

skal kunne forandra verda ved å laga samfunnskritiske bilde, men korleis skal alle kunstnarar kunne la vera å gi uttrykk for kjenslene, avmakta og vreiden?

I utstillingsheftet frå 1981 er vevnaden som heng i heradsstyresalen i Hauge-senteret, «Direktørens

100-årsdag» frå 1978, omtala som eit bilde som står fremst blant Bodil Cappelen sine samfunnskritiske teppe. Dette teppet laga Bodil nokre år etter at ho hadde flytta til Rossvoll. I heftet skriv Hjørdis



Danbolt om bakgrunnen for bildet: «Ideen til teppet fikk hun etter et fjernsynsprogram om Albert Bonnier og hans mannlige etterkommere».

Det er en direktør så helt etter den amerikanske oppskriften jeg har prøvd å lage. En som har gått med aviser siden han var 4 og solgt blyanstubber til kameratene siden han var 5. Hvert øre har han lagt seg opp. En typisk Rockefeller med andre ord. Han har store ører, dvs. at han følger med i alt som foregår innen business-livet. Fingrene er særlig lange og skoene nr. 52, men ellers er han liten og sammenkrøpet i den store pompøse stolen. Bak ham står mennene med stor M. Kvinnene i slike miljøer har lite de skal ha sagt, og

på teppet står de som et mønster på tapetet. Det er bare jentungen til venstre som er «synlig». Hun vil ikke være med på spillet og står derfor på avstand og ser skeptisk på familieportrettet.

Ein kan og merka seg at i komposisjonen står ei gruppe menn og ei gruppe kvinner på kvar side av mannen i stolen. Midtpersonen i dei to gruppene ser ut til å stå framfor dei to andre. Men for kvinnegruppa er det tatt eit grep. Føtene til midtpersonen er framfor, medan kroppen til kvinna til høgre er fremst. Dette er med i tolkinga, og Hjørdis Danbolt konkluderer med at dette bildet er «et hovedverk i norsk feministisk bildekunst».

Dette kunstverket heng, som nemnt, i den gamle heradsstyre-



Foto: Olav Ljones.

salen i Olav H. Hauge-senteret som vert nytta til ulike kunstnarlege program. Nedanfor er det eit bilde frå Verdas poesidag 21. mars 2019, frå lyrikkprogrammet *Kvifor skal vi lesa poesi?* med Ingrid Nielsen og Sindre Ekrheim og møteleiar Stein Arnold Hevrøy.

Det er med glede me ser at kunsten til Bodil også lever vidare på Olav H. Hauge-senteret.

Bodil Cappelen vart sambuar med Olav H. Hauge i 1975, og dei gifte seg 27/1-1978. Heile tida spela Bodil ei viktig rolle saman med Olav så lenge han levde.

Olav H. Hauge vart ein populær forfattar som las opp i NRK, på litteraturfestivalar, og i lag og lyd medan han levde. I samlivet med Bodil Cappelen vart han endå meir aktiv med eit stort nettverk. Etter at Hauge gjekk bort, har Bodil Cappelen lagt ned mykje arbeid og omhug i å formidla, spreia kunnskap om og forvalta Hauge sin forfatterskap. Ho har spela ei viktig rolle. Dette har vore med på å auka interessa for tekstane. Olav H. Hauge er i dag ein lyrikar som er mykje lesen, og som òg når ut til lesarar i andre land.

Hauge var ein ivrig boklesar heile livet, og etter at han gjekk bort, sørgde Bodil Cappelen for at boksamlinga vart overført til Ulvik kommune, og med dette til Olav H. Hauge-stiftinga. I dag er boksamlinga ein viktig del av Hauge-senteret i Ulvik.

Bodil Cappelen har samla notat og utrykte dikt og hadde mellom anna ei viktig rolle med å leggja til rette for at dei mange skrivebøkene med dagboksnotata i år 2000 kunne koma i velordna bokform i 5 tjukke band. Dagbøkene har stor eigenverdi, med omtale av andre forfattarar og samfunnstilhøve. Dagbøkene er òg ei viktig kjelde for dei som vil lesa Hauge sine egne dikt i ein vidare samanheng. Seinare har Bodil medverka til kortversjonar av dagbøkene (*Tanke og draum er himmelske køyrety*), og sett til at dagbøkene har vorte tilgjengelege på andre europeiske språk.

Bodil Cappelen har òg vore ein viktig kontaktperson for dei som omset Hauge sine dikt til andre språk. Her kan nemnast Klaus Anders, som har omsett Hauge-dikt til tysk og Olav Grinde, som har omsett til engelsk. I mange år har Bodil Cappelen bidrege med bøker til auka innsikt i Hauge si diktning. I tillegg til innsatsen med å få ut dagbøkene kan ein nemna boka *Brev 1970–1975*, og redaktøroppgåva for boka *Tid å hausta inn - 31 forfattarar om Olav H. Hauge* (2008). No seinast har ho samla tidlege dikt av Olav H. Hauge i boka *Seljefløyta* (2018) og skrive eit føreord der. Bodil Cappelen har i mange år skipa til på ulike lyrikkarrangement som formidlar og opplesar av Olav H. Hauge sine tekstar.

TO HAUSTDIKT FRÅ OLAV H. HAUGE

TID Å HAUSTA INN

Desse milde soldagane i september.
Tid å hausta inn. Enno er det tuvor
med tytebær i skogen, njupone rodnar
langs steingardane, netene losnar,
og svarte klasar av bjønnebær skin i kjerri,
trasti leitar etter dei siste vinbæri,
og kvefsen syg ut dei søte plomone.
I kveldingi set eg stigen burt og hengjer
laupen frå meg i skuret. Skrinne breदार
har alt ei tunn breidsle av nysnø.
Etter eg er lagd, høyrer eg dunk av brislingfiskarane,
dei gjeng ut. All natti veit eg dei glid
med sterke ljuskastarar og leitar yver fjorden.
Spør vinden. 1971.

Kveld i november

Han sperrar loftet. Natti kjem med frost.
Eg fer med augo yver hagen, veit
det heng att eple i ein topp. Eg leit
på mildver enno; veden skal i kost,
og kålen takast upp og kulast, tre
skal plantast; og det burde vorte tid
til nybrot òg. No ser eg hausten lid
og marki frys og snøen kastar ned
midtlides, og eg veit eg rekk ikkje mitt.
Den epleslumpen fær eg berga, kor
som er, so er i minsto ei sut kvitt.
I vest er månesigden ute, stor
og haustkvass, gjerug med å berga sitt,
ei saknads solbunde åt ei myrk jord.
På ørnetuva. 1961.

ET MINNE FRA VOSS GYMNAS I 1974 - OLAV H. HAUGE I NORSKTIMEN *av Liv Bernhoft Osa*



Frå Poesifestivalen 2018.

Foto: Olav Ljones.



På Poesifestivalen 2018 inviterte Venelaget Liv B. Osa og Knut Hamre til å laga ei framsyning om Olav H. Hauge i hagen på Rossvoll. Liv B. Osa hadde fleire minne om Hauge. Eitt var frå den gongen han vitja norskklassen hennar på Voss Gymnas:

«Eg gjekk på Voss gymnas. Norskklæraren vår var Åsne Slaattelid (mor til vår store biletkunstnar Mari Slaattelid), og ho hadde overtala Olav H. Hauge til å koma på gymnaset for å snakka med oss om diktinga si, og lesa for oss. Me var fulle av forventning. Dette var 70-talet, han var KULTPOETEN i levande live. Me var unge og klare for livet. Han var drøymar og realist, og dette at han skreiv om så nære ting, at han sette vår eigen kultur i høgsetet – det gjorde noko med oss.

Han gjorde oss merksame på vår identitet og integritet.

Då dei samla dagbøkene hans kom ut i 2000, kunne eg lesa i bind IV: (1974) *PÅ VOSS GYMNAS 12.–13. mars på Voss. Hadde 4 timar med dobbelklassar fyrste dagen. Yvernatta hjå Hermund Slaattelid, han er lektor. Andre dagen vart og 4 timar. ... På ein måte gjekk det, men eg veit at eg (ikkje) skulde ta på meg slikt.*

Skal vera på Distrikthøgskolen i Volda 20. mars. Har diverre lova det. Noko segjer eg skal ikkje reisa. Kanskje det var desse linone av T'ao Ch'ien:

*«No use discussing immortality
When just to keep alive is hard
enough.»*

Så feil kunne altså den store dik-
taren ta! »



GJER EIN ANNAN MANN EI BEINE Ola Oddmundsson Osa (1814–1898)



Arkivfoto ukjend kjelde.

Slik vart diktet til: Olav H. Hauge skreiv dette ned etter Karl Valle-
vik, som han hadde nært hopehav
med. Diktet er tufta på ei sann-
soge. Nedteikningane er i ei av
kladdebøkene til Olav H., som no
er i eiga til Hauge-senteret.

Nedteikninga hadde eiga over-
skrift, «Eit godt svar», laga av Hau-
ge. Den er fengjande og treffande.

Nedteikninga var ordrett slik:
*Danjel Uppheim gjekk frå Lang-
vastølen og skulde heim. Han
hadde eit erend i Osa, og gjekk
ned der. Han fekk Oddmunds-Ola
(Ola Oddmundsen Osa) til å føra
seg til Øydstod. Då Danjel gjekk
or båten, sa han han vilde betala
for føringa. Nei, Ola vilde ikkje ha
noko for det.*

*-Ja, kur vett detta, sa Danjel, - eg
bur so langt ao at eg kan ikkje gjera
noko tenesta atte helde.*

*-Ja, men du kan gjera ein mann ei
tenesta, svara Oddmunds-Ola.*

Litt om namna: Danjel Upp-
heim (1848–1915) hadde støl
ved Langvatnet vest for Uppsete
(Langvasstølen). Han hadde tøm-
ra sel her. Han kan ha hatt ærend
av ulikt slag i Osa, men det er rett
å nemna at mor hans, Eli, var frå
Sævartveit i Osa.

Ola Oddmundsson Osa (1814–
1898) var gift med Lisbet Olsdotter
Osa (1815–1905). Huset deira står
enno, no på Kolasteinsfloten. Gra-
vene med gravsteinane står endå
på austre del av kyrkjegarden i
Ulvik.

Ola var fiskar, jeger og reingjetar,
og aller mest fjellmann. Han var
slagferdig, noko siste lina i diktet
syner. Ei anna soge syner det same:
Då han skulle tinga barnedåp for
yngstebarnet Anna, spurde presten
kvifor «han hadde så mange børn»
(i alt seks). Jau, svara Olav: «Eg bur
so trongt at eg snirtar borti kjerrin-
ga kvar eg snur meg».

Presten tykte dette var upassande
språk, og gav han ei bot på 60 skil-
ling. Ola la ut for bota, og «tilbake-

kaldte upassende bemerkninger», som det heitte.

Så skulle verfaren hans gifta seg oppatt. Ola gjekk ærend til presten for å ta ut lysing, og var helst hippen på at dette skulle gjerast fort.

«Haster det slig med pigen?» skal presten ha sagt.

Svaret var om lag slik: «Det mao gjerast mens ho er i live». («Pigen» var då 49 år).

Karl Vallevik (f. 1906) var gardbrukar i Kalhagen på Nedre Lekve.

Mor hans var Elisabet, oppattkalla etter Lisbet, kona til Ola Oddmundsson Osa. Det var diifor ikkje så urimeleg at han kjende til saga om dette diktet, noko som og fleire i Osa gjorde, då det er mange etterkomarar i slekta etter Ola og Lisbet der. Ein av dei var namnebror til Osa-mannen, Ola Oddmundsson Osa (1891-1970), som var ein god forteljar.

FANN TRÅDEN MED OSAMANNEN *av Arne Skjerven*



Eg kom over dette biletet. Det var i vekebladet Familien. Dato for utgjeving og namn har eg ikkje. Det vert med dette etterlyst, for dama med Osamannen bør heidrast litt, i det minste med skryt. Det får du her!

Ja, dama har funne tråden til meininga i diktet om Osamannen. Genseren varmar, men det gjer og diktet, - og ikkje minst påminninga til slutten. «Så gjer ein annan mann ei beine då, sa Osamannen og skauv ifrå».

Dama, som har strikka denne genseren, har gjort ei varmande og velmeinande beine. Lukke til med det varme klesplagget, og lag gjerne fleire med tankar frå diktinga til Olav H. Hauge!

PRIS PÅ BREV OG BØKER AV OLAV H. HAUGE av Torbjørn Ljones

Det er ein norsk, nordisk og internasjonalt marknad for antikvariske bøker. I Noreg er det fleire antikvariat som tilbyr bøker både på nett og i eit tradisjonelt antikvariat. Nokre av dei mest kjende er Nynorsk antikvariat, Adamstuen, Ruuds antikvariat, Antikvariatet i Bergen og Damms antikvariat. Alle sel bøker over nettet og i egne lokale.

Prisen på ei antikvarisk bok vert fastsett ut frå opplag, kva for utgåve det er, kva tilstand boka er i, og om det er dedikasjon frå forfattaren i den. Det trekkjer ned prisen om det er notat frå lesaren i boka, rifter i rygg og sider, eseløyre, feittflekkar, fuktskadar eller teikn på ujamn falming.

Det viktigaste er likevel sjølv sagt kven forfattaren er! Men sjølv ei bok som *Naar broren tutar til vinden*, av den nokså ukjende forfattaren Eindride Tveito frå Ulvik, kosta meg 500 kroner. Prisen var kr.1 då ho kom ut i 1902. Bøker i små opplag for spesielt interesserte kan koma høgt i pris.

Eg vil gje nokre døme på bøker med antikvarisk verdi av lyrikarar frå førre hundreåret:

Tarjei Vesaas gav ut diktsamlinga *Kjeldene* i 1946, same året som Olav H. Hauge debuterte med *Glør i oska*. Vesaas si samling

er no prisa til 1200 kroner, langt under Olav H. Hauge si bok frå same året. Den litterære kvaliteten på dei to bøkene er kanskje ikkje so ulik, og begge er kjende forfattarar, sjølv om Vesaas vart mest kjend som romanforfattar. Men dette viser godt den store populariteten til Olav H. Hauge i dag, også i antikvariatmarknaden.

Rolf Jacobsen var samtidig med Olav H. Hauge, og vart etter kvart ein god ven. Jacobsen vart også populær medan han levde, og har sin eigen «festival» på Hamar kvart år i mars, Rolf Jacobsen-dagene. Rolf Jacobsen sine diktsamlingar ligg ute for sal i antikvariata i fleire utgåver og prisklassar, *Vrimmel* (1935) og *Fjerntog* (1951) kostar mellom 500 og 1000 kroner, alt etter korleis dei er medfarne. Debut-samlinga *Jord og jern* frå 1933 er i omlag same prisklasse.

Olav Nygard er ein lyrikar som nok er ukjend for dei fleste her til lands. Han rakk ikkje å gje ut meir enn fire diktsamlingar før han døydde ung i 1924. Men bøkene hans held seg godt i pris, kanskje fordi dei er få og har høg litterær verdi. *Flodmaal* frå 1923 er oppe i 2500 kroner, og *Ved vedbande* (1923) er til sals for 1800 kroner.





Du kan vera heldig! Det var eg på ein brukthandel i Trysil i sommar, då eg fekk kjøpt Halldis Moren si debutsamling *Harpe og Dolk* frå 1929 for 100 kroner.

Det er elles å merka seg at verk av unge, døde forfattarar held seg godt i pris. Frå vår eiga tid gjeld det særleg Tor Ulven og Stig Sæterbakken. Sistnemnde ga ut diktsamlinga *Flytende paraplyer* i 1984. Den kostar i dag 3500 kroner.

Olav H. Hauge si debutsamling, *Glør i oska* frå 1946, kom i eit lite

opplag. I dag er det ikkje lett å få tak i eit eksemplar av boka, som kosta fire kroner då ho kom ut. I antikvariat er prisen 10 000 for eit flott eksemplar, ifylgje Arne Ivar Kjerland. Han veit det meste om bøker.

Dei andre samlingane til Hauge ligg ofte ute for sal i antikvariata. Dei er i ulik forfatning og varierer i pris mellom 1000 og 2500 kroner utan dedikasjon. Boka som stig mest i pris, er *Seint rodnar skog i djuvet* frå 1951. Dersom forfattaren har skrive helsing i



boka, kan prisen doblast. Det kan hende forfattere har skrive meir enn namnet. Då vert boka endå dyrare.

Dessutan er mesteparten av Olav H. Hauge sin produksjon framleis tilgjengeleg i bokhandel. Det gjeld dagbøkene, mange av dei seinare utgåvene av *Dikt i samling*, og omsetjingar. Prisen i antikvariata er ikkje alltid lågare på desse bøkene.

Det er ogso mogleg å kjøpa etterlatne brev frå Olav H. Hauge.

Dei er prisa svært høgt, mellom 5000 og 10000 kroner. So det kan svara seg å ha gode brevverner! Ingen veit korleis prisane på fyrstegongsutgåver vil utvikla seg i framtida. Men sidan diktsamlingane til Hauge kom i avgrensa opplag, og interessa for dikteren berre ser ut til å auka, trur eg det vil vera ei god investering å kjøpa dei seks diktsamlingane i originaltapping.

Men ogso dikt kan vera gratis, som dette, som ligg på nett:

DIKT I DAG

(frå *Droper i austavind*)

Dikt i dag er billege,
billege å laga,
billege å kjøpa,
på lag som trebilar
og plastfly til ungane.
Ikkje kostar dei mykje
hovudbrot heller, -
det greider seg godt utan fjør,
men har dei det,
er det gromare.
Ungdomen ser på ordi
som byggjeklossar,
og kan få til
dei utenkjelegaste ting.
Men kan dei med
tankens terningkast
snu vår ætts lagnad?
Å høkra ut visdom
frå Bibelen og Talmud
er greidt og nyttig,

elles kan alt brukast,
sjølvsyn òg,
enno finst det ei bjørk
som er krokut,
og grannen har eit ordtak
etter far sin.
Tyskarane lagar dikt
enklast og billegast,
japanarane er heller
ikkje burte,
endåtil keisaren deira
skal ha laga yver tusen stykke,
men det er vel ikkje
for sal.
Mao Tse-Tung sender
dikti sine ut: sterke
uppsongar, trugande
varsel,
og gjer ordi
til røynd.

KORT OM SKRIBENTANE I DETTE HEFTET

Marit Hafting fødd 1948 i Asker. Busett på Voss.
Barne- og ungdomspsykiatar. Delvis pensjonert overlege og forskar.

Guro Ljone fødd 1982. Guro Ljone er formidlar ved Olav H. Hauge-senteret og har ansvar aktiviteten som er retta mot born og unge. Ho er fødd og oppvaksen i Ulvik og har arbeidd ved Hauge-senteret sidan 2013.

Torbjørn Ljones fødd i Ulvik 1954. Har arbeidd som rektor i mange år, utdanna lektor med hovudfag i nordisk språk- og litteratur. Har gitt ut to bøker under namnet «Kvitanesen»

Olav Ljones fødd 1946. Busett i Oslo. Samfunnsøkonom no pensjonist frå Statistisk sentralbyrå.
Leiar i Venelaget Olav H. Hauge.


Liv B. Osa fødd i 1967. Frå Voss og busett i Oslo.
Skodespelar tilsett ved Nasjonalteatret.

Arne Skjerven fødd 1944. Busett i Ulvik. Tidlegare lærar.
Ein av skiparane av Venelaget og pådrivar for Haugestøtta i Ulvik.
Forfattar av fleire Haugebøker. Skribent i aviser m.a. Hordaland.
Aktiv tillitsmann i Noregs Mållag.

VERV EN VEN!

Vi vil gjerne ha fleire medlemmer i Venelaget. Medlemspengane i Venelaget Olav H. Hauge er framleis berre 250 kroner for eit år.
Innbetaling til konto 3450 30 01960, Venelaget Olav H. Hauge
v/ kasserar Anders Opheim, Hjeltnesvegen 109, 5730 Ulvik.

NB: Skriv tydeleg namn og adresse på avsendaren!



Returadresse: Olav Ljones, Østadsveien 16, 0753 Oslo



STYRET I VENELAGET

Olav Ljones, leiar - ola-lj@online.no - tlf 90 69 39 04

Marit Hafting - Marit.Hafting@uib.no - tlf 995 50 315

Guri Hjeltnes - guri.hjeltnes@hlsenteret.no - tlf 452 30 353

Kamilla Systaddal - kamisyst@gmail.com - tlf 464 22 510

Ingebjørg Winjum - Ingebjorg.Winjum@granvin.kommune.no - tlf 404 03 863

Redaktør for denne utgåva av Venelagsheftet: Olav Ljones

